

EIN AV DEI SISTE DAGANE av ferien og vi er lenge oppe, cola og Counting Crows, det er noe i deg som visnar kvar haust, seier du, noe som aldri kjem tilbake. Og du opnar takvindauget, vi pressar oss ut, står i sofaen med overkroppane stikkande ut i restane av sommaren, du peiker mot det eine takhjørnet og fortel at noen fuglar har bygd reir under takskjegget der. Ein dag, seier du, fall det ned eit egg og knuste mot steinhellene, bang, seier du, og eg seier at kvar gong noen dør blir det født noen andre, og du svarer at det veit vel alle. Og over oss på himmelen rivnar ei sky langsam, løyser seg opp som ein fugleflokk i sakte film, som kakaopulver i kald mjølk. Bak oss går noen opp trappa, tunge skritt, faren din, no tar han tak i dørhandtaket, røskar, eg ser på deg og spør kvifor du har låst. Du blir ståande og sjå ut over fjorden, ikkje ein båt er å sjå, og håret ditt blæs i ansiktet mitt, prikkande nyvaska. Eg trekker pusten for å seie noe, gjenta spørsmålet, men så snakkar du, lågt og langsam, ber meg hjelpe deg ut på taket, gi deg ein dytt. Og i stilla etterpå finn eg ingenting å seie, blir bare ståande i vinden, som sett på pause. Flimrande stillbilde, pusten i halsen.